

Abstract til «Open arena», Oslo, Januar 2014

## "Etablering og evaluering av nye samhandlingsarenaer mellom ein privat rehabiliteringsinstitusjon, primærhelsetenesta, NAV og arbeidsgjevar"

*Henrik Høberg, Borghild Midttun, Eirik Fismen, Linda Meier*

*Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter AS, Haugland, 6968 Flekke.*

**Introduksjon:** Det er etterlyst tiltak for auka samhandling mellom ulike instansar i helsevesenet for å gje pasientane saumlause pasientforløp, jmf Samhandlingsreforma. I fire prosjekt ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter (RKHR), alle støtta av Helsedirektoratet, har vi satt fokus på dette og etablert arenaer for samhandling med etterfølgande evaluering. Hovedmålet med prosjekta er auka sosial- og arbeidsmessig deltaking og meistring for pasienten.

**Metode:** I eit forprosjekt vart det laga ein modell for auka samhandling i ein rehabiliteringsprosess mellom RKHR (spesialisthelsetenesta), primærhelsetenesta og NAV. Modellen gjekk ut på auka samhandling før eit eventuelt institusjonsbasert rehabiliteringsopphold, i løpet av oppholdet og i slutten av oppholdet. Vi prøvde deretter ut ein del av modellen, der vi hadde ein felles utskrivningssamtale som supplement til tradisjonell epikrise frå institusjon til fastlege. Tiltaket vart evaluert med spørjeundersøking, og deltakande partar vart spurta om felles utskrivningssamtale leda til auka forståing og konsensus mellom partane og om det auka sannsynlegheita for at måla til pasienten vart oppnådd.

Vidare har vi satt fokus på å prøve ut vår modell for auka samhandling gjennom heile rehabiliteringsforløpet, samt på auka kontakt mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar for pasientar der arbeidsdeltaking er eit hovudmål. Evaluering av tiltaka vil bli utført med intervju og spørjeskjema.

**Resultat:** Resultatet frå evalueringa av felles utskrivningssamtale tilsa at tiltaket var svært nyttig frå dei ulike aktørane sine ståstedar. Det var brei semje om at tiltaket gav auka felles målsetjing og betre forståing mellom partane.

**Konklusjon:** RKHR har implementert felles utskrivningssamtale som tilbod for pasientar som er under behandling ved institusjonen.